

**Protokoll nr. 09/17****Styremøte 25.10.17**

Tilstades: X

**Styremedlemmar:**

- X Stein Kinserdal, styreleiar
- X Petter Bjørdal, nestleiar
- X Svein Anders Grimstad
- X Kirsti Slotsvik
- X Gunn Fredriksen
- X Jan Arve Antonsen
- X Anette Lekve
- X Mikal Gjellan

**Frå administrasjonen møte:**

Adm.direktør Espen Remme  
styresekretær Hilde Amundsen Flø

Konst. HR-direktør Trond Håvard Eidet  
Fagdirektør Jo-Åsmund Lund  
Økonomidirektør Heidi Nilsen  
Ass.direktør Helge Ristesund  
Kommunikasjonsdirektør Trine Kvalheim  
Klinikkssjef Torstein Hole, Klinikk for medisin og rehabilitering  
Klinikkssjef Karl Arne Remvik, Klinikk for psykisk helse og rus  
Klinikkssjef Mona Aagaard-Nilsen, Klinikk for drift og eigedom  
Klinikkssjef Kjersti Bergjord, Klinikk for akuttbehandling  
Klinikkssjef Henrik Erdal, Klinikk for kvinner, barn og ungdom  
Lena Bjørge Waage, rådgjevar, Samhandlingsavdelinga

**Frå Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal HF:**

Ingrid Løseth og Jakob Strand

I forkant av styremøte 25. oktober vart det holdt styreseminar med tema Utviklingsplan Helse Møre og Romsdal med presentasjonar frå:

- føretaksperspektivet, - samhandlingsperspektivet og klinikkperspektivet.

Presentasjonar frå styreseminar ligg på styreadministrasjonen.

Styremøte vart heldt på styrerommet i administrasjonsbygget i Ålesund og starta kl. 13:10.

Styreleiar Stein Kinserdal åpna styremøtet og ønska alle velkommen.

#### Dokumenter utdelt til møtet:

Sak 2017/10 – Referatsaker:

- Referat frå Brukarutvalet 24.10.2017
- Referat frå AMU 24.10.2017
- Uttale/vedtak frå Ålesund formannskap 24.10.2017
- Uttale frå Ungdomsrådet i Helse Møre og Romsdal 24. 10.2017.

Styret behandla følgjande saker i møte:

#### **Sak 2017/56      GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.**

Underskrift av protokoll nr. 8/17 frå møte 27.09.2017

#### **Innstilling:**

Styret for Helse Møre og Romsdal HF godkjente innkalling og sakliste og signerte protokoll nr 8/17 frå møte 27. september.

#### **Vedtak:**

Styret for Helse Møre og Romsdal HF godkjente innkalling og sakliste og signerte protokoll nr 8/17 frå møte 27. september.

#### **Sak 2017/57      Orienteringssaker**

- Orientering frå administrerande direktør
- Offisiell åpning av klinisk forskingspost v/Ålesund sjukehus fredag 27. oktober.
- Filmen om "Margot" er blitt godt kjent med tanke på kampanje Respekt for reseptformidlaren.
  - Status SNR v/prosjektsjef SNR Ketil L. Gaupset og prosjektdirektør Sykehusbygg Helle Jensen.
  - Helseplattformen v/Torbjørge Vanvik, programdirektør Helseplattformen HMN, og Anne Lise Sagen Major, prosjektleder Helseplattformen, HMR.

**Innstilling:**

Styret i Helse Møre og Romsdal tar framlagte saker til orientering.

**Vedtak:**

Styret i Helse Møre og Romsdal tar framlagte saker til orientering.

**Sak 2017/58****Referatsaker – uten saksframlegg**

- Referat frå Brukarutvalet 24.10.2017
- Referat frå AMU 24.10.2017
- Protokoll styremøte HMN 17. oktober
- Brev av 6. oktober frå ORKIdè og ROR - "Barneavdeling i sykehuset Nordmøre og Romsdal".
- Uttale/vedtak frå Ålesund formannskap 24.10.2017
- Uttale frå Ungdomsrådet i Helse Møre og Romsdal 24. 10.2017.

**Sak 2017-59**

Statusrapport pr. september 2017 – Kvalitet – Økonomi og aktivitet

**Innstilling:**

Styret tar statusrapport pr. september 2017 til orientering.

**Vedtak:**

Styret tar statusrapport pr. september 2017 til orientering.

**Sak 2017-60**

Rehabilitering av fasadane ved Ålesund sjukehus

**Innstilling:**

1. Under føresetnad av finansiering, godkjenner styret i Helse Møre og Romsdal HF prosjektet *Rehabilitering av fasadane ved Ålesund sjukehus*. Prosjektet skal gjennomførast i perioden 2017-2020/2021 og innanfor ei total kostnadsramme på 255 MNOK (P85).
2. Styret i Helse Møre og Romsdal HF ber om at det blir sendt ein lånesøknad på 85 MNOK til Helse Midt-Norge RHF for å finansiere byggetrinn 1 for rehabilitering av fasadane ved Ålesund sjukehus.
3. Styret i Helse Møre og Romsdal HF ber adm. direktør komme tilbake til styret med ein finansieringsplan for å sikre gjennomføring av byggetrinn 2 og 3 for rehabilitering av fasadane ved Ålesund sjukehus.

**Vedtak:**

1. Under føresetnad av finansiering, godkjenner styret i Helse Møre og Romsdal HF prosjektet *Rehabilitering av fasadane ved Ålesund sjukehus*. Prosjektet skal gjennomførast i perioden 2017-2020/2021 og innanfor ei total kostnadsramme på 255 MNOK (P85).
2. Styret i Helse Møre og Romsdal HF ber om at det blir sendt ein lånesøknad på 85 MNOK til Helse Midt-Norge RHF for å finansiere byggetrinn 1 for rehabilitering av fasadane ved Ålesund sjukehus.
3. Styret i Helse Møre og Romsdal HF ber adm. direktør komme tilbake til styret med ein finansieringsplan for å sikre gjennomføring av byggetrinn 2 og 3 for rehabilitering av fasadane ved Ålesund sjukehus.

**Sak 2017-61**

Tilbod barn og unge i HMR - Pediatritilbudet i Helse Møre og Romsdal

**Innstilling:**

1. Styret i Helse Møre og Romsdal HF tek rapporten frå pediatrigruppa «Pediatritilbudet i Helse Møre og Romsdal» til orientering.
2. Styret vil slutte seg til hovudtilrådinga frå pediatrigruppa i forhold til det pediatriiske tilbudet til barn og unge i SNR og HMR, og legg til grunn at det skal vere eit tilbod med døgnseger for barn og barnelege i døgnvakt i SNR, samt vidareføring av dagens pediatriitilbod ved Ålesund sjukehus.
3. Styret tek til vitande den gjennomførte risiko- og sårbarheitsanalysen (ROS) gjennomført av PricewaterhouseCoopers (PwC), og registrerer at det er modell A som blir vurdert til å gi minst risiko.
4. Styret ber om at pediatri rapporten og ROS-analysen inngår i høyringa til utviklingsplanen for HMR og at følgjande blir teke med inn i endeleg *Utviklingsplan* som skal leggst fram for styret i februar 2018:
  - a) Samanheng mellom pediatriitilbudet og andre medisinske spesialitetar og funksjonar.
  - b) Meir nøyaktig dimensjonering av sengetal og areal til dagbehandling og poliklinikk.
  - c) Korleis barnelege i døgnvakt i SNR skal organiserast (kvilande/aktiv) i tråd med samla OU-prosess for SNR.
  - d) Driftsøkonomi.

**Vedtak:**

1. Styret i Helse Møre og Romsdal HF tek rapporten frå pediatrigruppa «Pediatritilbudet i Helse Møre og Romsdal» til orientering.
2. Styret vil slutte seg til hovudtilrådinga frå pediatrigruppa i forhold til det pediatriiske tilbudet til barn og unge i SNR og HMR, og legg til grunn at det skal vere eit tilbod med døgnseger for barn og barnelege i døgnvakt i SNR, samt vidareføring av dagens pediatriitilbod ved Ålesund sjukehus.

3. Styret tek til vitande den gjennomførte risiko- og sårbarheitsanalysen (ROS) gjennomført av PricewaterhouseCoopers (PwC), og registrerer at det er modell A som blir vurdert til å gi minst risiko.
4. Styret ber om at pediatri rapporten og ROS-analysen inngår i høringa til utviklingsplanen for HMR og at følgjande blir teke med inn i endeleg *Utviklingsplan* som skal leggast fram for styret i februar 2018:
  - a) Samanheng mellom pediatri tilbodet og andre medisinske spesialitetar og funksjonar.
  - b) Meir nøyaktig dimensjonering av sengetal og areal til dagbehandling og poliklinikk.
  - c) Korleis barnelege i døgnvakt i SNR skal organiserast (kvilande/aktiv) i tråd med samla OU-prosess for SNR.
  - d) Driftsøkonomi.

**Sak 2017-62**

Høring Utviklingsplan for Helse Møre og Romsdal HF

**Innstilling:**

Styret i Helse Møre og Romsdal HF sluttar seg til at vedlagte høyringsdokument for utviklingsplan for Helse Møre og Romsdal HF med høyringsbrev blir sendt ut til dei aktuelle høyringsinstansane.

**Vedtak:**

Styret i Helse Møre og Romsdal HF sluttar seg til at vedlagte høyringsdokument for utviklingsplan for Helse Møre og Romsdal HF med høyringsbrev blir sendt ut til dei aktuelle høyringsinstansane.

**Sak 2017-63**

Status budsjett Helse Møre og Romsdal 2018

**Innstilling:**

1. Styret ser alvorleg på det store utfordringsbiletet for 2018 slik dette er skissert i saka.
2. Styret vedtek eit underskot på -86,7 mill. kroner som utgangspunkt for det endelege budsjettet 2018. Dersom det kjem større endringar i statsbudsjettet for 2018, ber styret om å få dette tilbake.
3. Styret sluttar seg til tiltaksområda og innretninga på budsjettarbeidet slik det framgår av saka.
4. Styret vurderer risikoen for å ikkje nå budsjettbalanse i 2018 som høg, og ber adm. direktør sikre ein god prosess for å handtere risikobiletet.
5. Styret konstaterer at utfordringsbiletet for 2018 er av ein slik storleik, at vedtak som vert gjort i samband med endeleg behandling av utviklingsplanen, får effekt allereie i 2018.
6. Til styremøtet i november, ber styret adm. direktør komme tilbake med eit endeleg driftsbudsjett for 2018 i balanse.

**Vedtak:**

1. Styret ser alvorleg på det store utfordringsbiletet for 2018 slik dette er skissert i saka.
2. Styret vedtek eit underskot på -86,7 mill. kroner som utgangspunkt for det endelege budsjettet 2018. Dersom det kjem større endringar i statsbudsjettet for 2018, ber styret om å få dette tilbake.
3. Styret slutter seg til tiltaksområda og innretninga på budsjettarbeidet slik det framgår av saka.
4. Styret vurderer risikoen for å ikkje nå budsjettbalanse i 2018 som høg, og ber adm. direktør sikre ein god prosess for å handtere risikobiletet.
5. Styret konstaterer at utfordringsbiletet for 2018 er av ein slik storleik, at vedtak som vert gjort i samband med endeleg behandling av utviklingsplanen, får effekt allereie i 2018.
6. Til styremøtet i november, ber styret adm. direktør komme tilbake med eit endeleg driftsbudsjett for 2018 i balanse.

**Sak 2017-64**

Eventuelt  
Ingen saker til eventuelt.

**Sak 2017-65**

Godkjenning av protokoll nr. 9/17 frå møte 25.10.2017

Innstilling:

Styret for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner protokoll nr. 09/17 frå styremøte 25.10.2017

Vedtak:

Styret for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner protokoll nr. 09/17 frå styremøte 25.10.2017

Møtet slutt kl. 16:35

Stein Kinserdal

Petter Bjørdal  
Nestleiar

Kirsti Slotsvik

Svein Anders Grimstad

Gunn Fredriksen

Mikal Gjellan

Jan Arve Antonsen

Anette Lekve